



Uskedelinger som gjorde ein flott innsats i Haukelirenn.

I følge arrangørane var 25 uskedelinger på startstrekken i ulike klassar i årets Haukelirenn som vart arrangert i nydeleg ver laurdag. Omlag halvparten gjekk i trimklassen medan resten gjekk i barneskirenn, mosjonsrenn og konkurranseklasse. Alle hadde ei flott oppleving og fleire hevda seg svært godt i sine klassar med klassesiger og 2.plass som beste resultat.

Haukelirennnet er eit av få turrenn som går i fristil, det er trassè for både skøyting og klassisk stil. Start og mål er ved Haukelifjell skisenter. Anna Elisabeth Samland Eik, Torbjørn Haugland og Karsten Bjørnebøle gjekk ungdomsrennet over 12 km, og alle tre hadde ei god oppleving. Særleg imponerte Anna Elisabeth som gjennomførte løypa på den sterke tida 39.32,6, og for det vart ho belønna med ein imponerande 2.plass i klassen K-14. Søskena til Anna Elisabeth, William og Bjørg Amelia S. Eik gjekk barneskirennnet.

Solveig Haugland, Tor Vidar Sæle, Kari Bråtun og Birk Sæle gjekk alle 32 km. Etter god innsats gjennomførte alle på rundt 1 t 50 min med Birk som førstemann over mål på 1.49.42, og dei tre andre om lag likt, ca. 5 minuttar bak. Det var kjende namn som var heilt i toppen av resultatlista. Landslagsløpar Silje Øyre Slind var suveren i dameklassen medan Vebjørn Turtveit som har hatt ein svært god sesong, vann spurtduellen med verdsmeister Sjur Røthe og Gaute Kvåle.

Uskedalen fekk også ein klassesiger. Den kom ved Stig Framnes som vann klasse M 41-45. Den utflytta uskedelingen går no for Rustad IL, klubben til brørne Gløersen, og han har dei siste sesongane levert svært sterke turrenn. I Haukelirennnet tilbakela han dei 32 kilometrane på svært sterke 1.35.04, og det heldt altså til ein svært imponerande klassesiger.

I mosjonsklassen som gjekk 18 km deltok Velsmøy Haugland, Erlend Bjørnebøle og Helene Huse Bjørnebøle. I tillegg deltok vel 10 uskedelinger i trimklassen.

Bildet over viser nokre av deltakarane frå Uskedalen f.v.: Stig Framnes, Solveig Haugland, Veslemøy Haugland,

Anna Elisabeth Samland Eik, William Samland Eik, Kari Bråtun, Karsten Bjørnebøle, Torbjørn Haugland og fremst Bjørg Amelia Samland Eik.

Med Haukelirennet er skisesesongen i ferd med å verta avslutta. Denne sesongen har vel ikkje gruppa med løparar frå UIL vore på sitt største, men likevel har dei unge løparane imponert med flotte plasseringar og aktiv deltaking på kretsnivå. Fleire løparar har hevda seg heilt i toppen i sine klassar, og vi må nok ganske mange år tilbake for å finna tilsvarende gode resultat i kretssamanheng. Frå trenarhald får vi også opplyst at fleire unge løparar er i flott utvikling både teknisk og når det gjeld fysisk kapasitet. Dette gjer at dei ser med spenning og forventning fram mot neste sesong.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Espen Eik